



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets presidentskap
Ekspedisjonskontoret
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

24/3-30

5. november 2024

Feil i Prop. 1 S (2024–2025) for Kommunal- og distriktsdepartementet

Eg vil med dette gjere merksam på følgjande feil i Prop. 1 S (2024–2025) for Kommunal- og distriktsdepartementet:

Under overskrifta *Prioriteringer og budsjettforslag for 2025* på side 49 manglar det eit avsnitt som forklarar fylkesfordelinga av midlane på post 60 Kompetanse og arbeidskraft i distrikta. Følgjande tekst skal inn som avsnitt nummer to:

«Fordelinga av midlane mellom fylkeskommunane tar utgangspunkt i ein regionaldel og ein distriktsdel. Den regionale delen tar utgangspunkt i at alle fylkeskommunar har eit ansvar for regional kompetansepolitikk og utgjer eit flatt grunnbeløp på 3,5 millionar kroner til alle fylkeskommunar, med unntak av Oslo. Den distriktsretta delen skal utjamne geografiske skilnadar ved å kompensere for eit større behov for tilrettelegging av utdanningstilbodet i distriktsområde. Distriktsdelen blir fordelt mellom fylkeskommunane basert på del av befolkninga i dei 120 kommunane som skårar lågast på distriktsindeksen (sjå boks 5.1).»

Under omtalen av post 72 Dei jødiske samfunna i Noreg på side 76, deloverskrift *Rapport*, skal siste setning i første avsnitt korrigerast frå «DJST vart tildelt 1,5 mill. kroner i 2024» til «DJST vart tildelt 1,7 mill. kroner i 2024.»

På side 77 er det ein feil i fordeling av midlar mellom Det Mosaiske Trossamfund i Oslo (DMT) og Det jødiske samfunn i Trondheim (DJST). Dei to første setningane i siste avsnitt under post 72 Dei jødiske samfunna i Noreg, deloverskrift *Prioriteringar og budsjettforslag for 2025*, lyder: «Det blir foreslått å løyve 16,4 mill. kroner. av dette skal 14,6 mill. kroner gå til DMT og 1,8 mill. kroner gå til DJST.»

Dette skal erstattast med følgjande tekst: «Det blir foreslått å løyve 16,4 mill. kroner. Av dette skal 14 mill. kroner gå til DMT og 2,4 mill. kroner til DJST.»

I omtalen av kap. 2412, Husbanken, post 90 Nye lån, under overskrifta *Rapport* på side 112 kjem det fram at «I 2023 gav Husbanken tilsegn om lån til 2 055 nye bustader for 5,5 mrd. kroner, 1 121 miljøvenlege bustader og 214 livsløpsbustader. Husbanken gav òg lån til oppgradering av eksisterande bustader for 378 mill. kroner». Dette bør erstattast med følgjande: «I 2023 gav Husbanken tilsegn om lån til 1 335 nye bustader for 5,1 mrd. kroner, 1 121 miljøvenlege bustader og 214 livsløpsbustader. Husbanken gav òg lån til oppgradering av eksisterande bustader for 378 mill. kroner.»

Med helsing

A handwritten signature in blue ink, appearing to read 'Erling Sande', with a large, stylized flourish underneath.

Erling Sande